



Likelydande til kommune i Hordaland

Tilsyn med kommunens krisesentertilbud 2018

Fylkesmannen melder med heimel i krisesenterlova § 9 tilsyn med kommunens krisesentertilbud til særleg utsette grupper. Tilsynet blir gjennomført som eigenvurdering og er avgrensa til kommunens tiltak for å sikre at valdsutsette får samordna tenester under opphald på krisesenter og oppfølging i reetableringsfasen.

Regelverk

Det følgjer av krisesenterlova § 4 at kommunen skal sørge for samordna tenester til valdsutsette. Det er heimkommunen til bebruarane på krisesenteret som har plikt til å samordne tenester etter ulike lovverk slik at vedkomande får eit heilskapleg tilbud. Dette gjeld sjølv om kommunane har avtale om at andre skal drive sjølve krisesentertilbudet.

Kommunen skal føre internkontroll for å sikre at dei verksemdene og tenestene som utgjer krisesentertilbudet, utfører oppgåvene i samsvar med krav fastsett i lov og forskrift. Kommunane må kunne gjere greie for korleis dei oppfyller denne plikta, jf. krisesenterlova § 8.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet blir gjennomført ved at kommunen svarar på elektronisk spørjeskjema som de finn på denne lenkja: <https://edoc.fylkesmannen.no/eDocument.Viewer/FMHO/TILSYNKS18>

Spørsmåla som vi ber om svar på, er vedlagt til orientering

Vi ber om at rådmann eller kommunalsjef svarar. **Svarfristen er 10. september 2018.**

Ved eventuelle praktiske problem med å kome inn i det elektroniske skjemaet, kan de kontakte Ove Sund, fmhoosu@fylkesmannen.no

Ved eventuelle andre spørsmål om tilsynet, kan de kontakte Øystein Breirem Jacobsen, fmhoobj@fylkesmannen.no eller Anne Grete Robøle, fmhoagr@fylkesmannen.no

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg